

Forskrift for politisk godtgjersle og permisjon, Seljord kommune, Vestfold og Telemark

Heimel: Fastsett av Seljord kommunestyre 17.11.2022, sak 2022/1847 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) kapittel 8.

§ 1 Generelt

Reglane for møtegodtgjersle, dekning av tapt arbeidsforteneste og av utgifter som vervet fører med seg, samt rett til permisjon, gjeld for alle medlemmar av kommunale utval, styre og råd, samt eventuelt andre som vert valde til å utføre eit politisk verv eller funksjon for kommunen.

Dekning av tapt arbeidsforteneste samt kost- og reiseutgifter, gjeld også for kurs, konferansar og andre gjeremål pålagde den enkelte av eit kommunalt organ eller godkjend av ordførar.

Møtegodtgjersle og tap av arbeidsforteneste gjeld både for fysiske møte og digitale møte der organet er lovleg kalla inn.

Det er den folkevalde sjølv som har ansvar for å krevje sin rett etter reglane i dette reglementet, samt skaffe den naudsynte dokumentasjon for krava sine. Krava skal setjast fram utan opphald, slik at utbetaling kan skje innanfor dei rutinar som gjeld for Seljord kommune.

Møtegodtgjersla, telefongodtgjersla og dekning for tapt arbeidsforteneste er skatte- og rapporteringspliktig.

Er kommunen i tvil om ein folkevald har krav på ei godtgjersle blir spørsmålet lagt fram for formannskapet.

I særskilte høve der eit organ blir kalla inn ekstraordinært kan ordførar avgjere om møtet skal utløyse heil eller halv møtegodtgjersle.

§ 2 Skyss- og kostgodtgjersle

Medlemmar av folkevalde organ får dekt reise- og kostutgifter i samband med møte og oppdrag for kommunen etter staten sitt reiseregulativ.

Dette gjeld ikkje ordførar sitt daglege oppmøte på kommunehuset.

§ 3 EKOM-tenester – telefonordning

Faste medlemmar av kommunestyret, hovudutval og kontrollutvalet får kommunalt nettbrett som skal nyttast i tråd med: Avtale om bruk av IPAD til politiske møte.

Folkevalde med kommunal mobiltelefon (ordfører), fylgjer reglement for arbeidsgjevarfinansiert elektronisk kommunikasjon

§ 4 Godtgjersle til ordfører

Ordførarvervet svarar til 100 % stilling, med ei årleg godtgjersle lik 85 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Godtgjersla inkluderer godtgjersle for andre kommunale verv.

Ordfører vert meldt inn i pensjonsordninga for kommunalt tilsette og AFP.

Ordfører på heiltid har dei same rettane som andre tilsette i kommunen, og dette gjeld ut ein eventuell etterlønnsperiode.

Ordfører får etterløn i 1,5 månad om vedkomande går over i nytt lønna arbeid, og i 3 månader om vedkomande ikkje går over i anna lønna arbeid. Etterløn skal avkortast krone for krone mot annan inntekt. Etterløn kompenserer også for tap av feriepengar.

Vert ordfører pensjonist blir det ikkje gjeve etterløn.

Reglane i hovudtariffavtala for kommunal sektor kap. 1, § 10 - Ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring gjeld òg for ordfører. Kommunen teiknar forsikring for dette.

§ 5 Godtgjersle til varaordfører

Varaordføraren si godtgjersle er lik 20 % av ordføraren si godtgjersle. Dette dekker også møtegodtgjersla i kommunestyret, formannskapet og for alle andre utval, råd og nemnder som fylgjer med varaordførarvervet. I andre utval, råd eller nemnder som ikkje direkte fylgjer med vervet får varaordføraren ordinær godtgjersle.

Varaordfører vert meldt inn i pensjonsordninga for kommunalt tilsette og AFP

§ 6 Sjukepengar

Ved sjukdom har ordfører og varaordfører same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen.

§ 7 Fast godtgjersle til utvals- og rådsleierar

Leierane av samfunnsutvalet, kontrollutvalet og dei ulike råda får fast årleg godtgjersle som vist i tabellen. I tillegg kjem ordinær møtegodtgjersle. Prosentdelen er prosent av ordførarens godtgjersle.

Samfunnsutvalet	4%
Kontrollutvalet	1,5%
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og ungdomsrådet	0,6%

Ved møteleiars forfall får fungerande møteleiar ei godtgjersle på to gonger ordinær møtegodtgjersle

§ 8 Møtegodtgjersle

Utbetalinga vert slik som vist i tabellen. Prosentdelen er prosent av ordførarens godtgjersle.

Kommunestyre	0,15%
Formannskap	0,27%
Samfunnsutval	0,23%
Administrasjonsutval	0,10%
Godtgjersle eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og andre politisk oppnemnde utval	0,10%
Godtgjersle politisk oppnemnte ad-hoc arbeidsgrupper	0,10%
Kontrollutval	0,10%

Vara med oppmøte i ei sak eller delar av møtet får halv godtgjersle.

§ 9 Dekning av tapt arbeidsforteneste

Det vert etter søknad gitt erstatning for tap av inntekt for møte og andre oppdrag på vegner av politiske organ for inntil 7,5 timar per dag. Tida inkluderer reise til og frå møtestaden.

Hovudregelen er at det må ha funne stad eit faktisk tap av inntekt – det vil seie trekk i løn/inntekt. På line med faktisk tap av inntekt blir også rekna når heimearbeidande, studentar, pensjonistar og frilansarar må forsøme sine vanlege gjeremål for å utføre vervet.

Pensjonistar må dokumentere faktisk tap av inntekt.

Folkevalde som er lønsmottakarar må legitimere ev. tap med stadfesting frå arbeidsgjevar. Folkevalde med ytingar frå NAV vert rekna på line med lønsmottakarar.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekt tap i arbeidsinntekt etter eiga fråsegn. Skatteoppgjer blir kravt ein gong per år - gjeld for etterfylgjande år, og årsinntekta blir delt på 230 dagar, og timegodtgjersla vert rekna etter 7,5 timar pr. dag (1 725 årstimar). Årsinntekta blir rekna ut frå punkt 2.7, summen av næringsinntekter i skatteoppgjeret.

Folkevalde i ulønna arbeid (heimearbeidande, studentar, og frilansarar) får ulegitimert sats når dei forsømmer sine vanlege gjeremål for å utføre vervet. Dette gjeld også deltidsarbeidande lønsmottakarar og deltidsarbeidande sjølvstendig næringsdrivande på deira heimearbeidsdagar.

Ein må sannsynleggjere å ha forsømt sine vanlege gjeremål ved å erklære dette i søknaden.

Dokumentert lønnstrekk i samband med turnus- eller skiftarbeid vert rekna som ordinær tapt arbeidsforteneste

- 1 Legitimert tap av inntekt, inntil 475 kroner per time, maksimalt 3560 kroner per dag
- 2 Ulegitimert tap i arbeidsinntekt: inntil 270 kroner per time, maksimum 2020 kroner per dag

§ 10 Dekning av andre utgifter i samband med kommunalt verv

Til dømes barnepass, vikar, omsorgsarbeid og liknande.

Til dekning av naudsynte legitimerede utgifter som fylgje av vervet vert det gitt erstatning inntil sats for omsorgsteneste på inntil 190 kroner per time, maksimalt 950 kroner per dag.

Dette gjeld normalt ikkje når nære familiemedlemmer tek over omsorgsansvaret (til dømes når den andre forelderen eller andre nære familiemedlemmer ser etter eit barn i staden for den folkevalde).

Der det blir leigd inn vikar eller avløyssar kan arbeidsgjevar eller sjølvstendig næringsdrivande krevje dekning for utgifter til dette i samsvar med reglane for legitimerede krav.

§ 11 Folkevalde sin rett til permisjon

Folkevalde som har vervet som hovudinntekt – det vil seie ordførar, kan berre få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10 (svangerskap, fødsel, omsorg for born og nærstående i livets slutfase), 12-12 (militærtjeneste) og 12-15 (høgtider i andre religionar).

I samband med slik permisjon har den folkevalde same rett til godtgjersle i vervet som tilsette i kommunen.

§ 12 Regulering

Satsane regulerast årleg den 1. januar og er baserte på løna til stortingsrepresentantane som regulerast 1. mai året før.

§ 13 Rullering av forskrifta

Forskrift og satsar skal vurderast/handsamast av kommunestyret i slutten av kvar kommunestyreperiode.

§ 14 Ikrafttreding

Forskrifta trer i kraft 19. oktober 2023.